



## No startar den store gjevarkampanjen! "Saman om barne- og ungdomsarbeid"

S. 2-12 – BLI FAST GJEVAR I DAG



2

Me må ha fleire faste gjevarar for å oppretthalde barne- og ungdomsarbeidet.

8

Takk nemlege for barne- og ungdomsarbeidet

10

Leir i snart 50 år

13

Ragnhild Jepsen blir vigsla som biskop 16. april

14

Årets konfirmantar

18

Kyrkjevalet 2023



## ØyNytt

Denne våren kjem det ut to nummer av ØyNytt i staden for tre. Neste blad kjem i byrjinga av juni.

## Besøk påskeplakatane i Hjelme og Blomvåg



I veka før påske og i påskeveka kan du vandre rundt kyrkjane i Hjelme og Blomvåg. Der heng det kunstplakatar med påsketema.

## 17. maifest i Hjelme kyrkje



Velkommen til å feira nasjonaldagen i Hjelme kyrkje 17. mai kl. 18.00. Meld deg på til kyrkjekontoret eller diakonmedarbeidar Ellen Ebbesvik.

## LEIAR

### Gisle Rong

Medlem av soknerådet og fellesrådet



Det var midt på åttitalet og eg skulle på leir på Skjergardsheimen. Forventningsfulle og spente møtte me opp fredag ettermiddag. Barn frå Bakken skule i nord til Toftøy skule i sør. På Skjergardsheimen vart geografiske skiljelinjer vaska vekk. Det var ikkje viktig om ein spelte fotball på Øyar, Rong eller Toftøy. Det var ikkje viktig om ein spelte i Bakken-, Blomvåg, Rong eller Toftøy Skulemusikk. Me fekk vere saman med vener og me fekk nye vener. Jan, Henning, Mons-Ove og Frode var leiarar. Eg vart kjent med Preben, Bjørnar og Espen. Kjetil og Robert var der og. Og eg møtte Linn og Therese. Kameratskap som gav grobotn for mange gode opplevingar seinare i livet og ei barndomsforelsking som eg framleis hugsar.

Om eg skal vere heilt ærleg, så hugsar eg ikkje mykje av kva bibeltimane handla om. Eg hugsar ikkje kven som tala eller kva songar me song.

Eg hugsar nytestamentet. Den gongen kalla me det «Godt Nytt». Eg hugsar jentene og gutane eg var saman med, og eg hugsar spenninga med å lure dei vaksne.

I dag har eg framleis ei kristen tru som vart gjeve meg i dåpen. Familie, vener, søndagsskule, leiarar, kor og konfirmanttida har bidrege til at trua har vakse og fornya seg.

No held du ei utgåve av ØyNytt i hendene som handlar om barne- og ungdomsarbeidet. For at arbeidet skal kunne halde fram like omfangsrikt og breitt som i dag treng me fleire faste gjevarar. Gjevarteneste skaper tilhørsle, eigarskap og engasjement. Det er vår leirstad på Skjergardsheimen, vår søndagsskule, våre konfirmantar og vårt kor. Me trur bladet vil vere til inspirasjon og motivasjon.

Hugsar du då du var på leir på Skjergardsheimen?

Stor gjevarkampanje startar no i mars!  
Me treng nye gjevarar.

**Bli fast gjevar her**



[kyrkja.no/hjelmeogblomvag/gjevarteneste](http://kyrkja.no/hjelmeogblomvag/gjevarteneste)

Rannveig Vestbøstad Vik  
Seksjonsleiar for barn og unge



## Kva har du fått som du kan dele videre i dag?

Hugsar du forteljinga om guten som delte matpakka si med Jesus – og fleire tusen andre? Og kva som skjedde då han delte det vesle han hadde? Matpakka vaks. Noko heilt vanvittig også! Alle dei fleire tusen i øydemarka fekk ete seg mette etter at Jesus bad takkebøna og velsigna brøda og fiskane.



Noko av det eg synest er kjekt, er å formidle bibelforteljingar. Heldige meg! Eg er søndagsskulelærar på fritida mi. I tillegg har eg jobb i kyrkja i Øygarden til dagleg. Så det hender ofte eg får moglegheita til å fortelje!

Eg har ikkje gjort meg fortent til løna mi og levestandarden min. Bil, kledde, ferie, helsetenester. Varm middag kvar dag, nye ski, fridom til å ikkje alltid sjå på prislappen. Heller ikkje har eg jobba hardt for å kunne kalle meg

ein kristen. Det har også kome seglande til meg. Eg vart døypt, farfar bad for meg. Foreldre og sysken. Arvid på søndagsskulen. Gudrun på bedehuset. Petter i kyrkja. Kari i koret. Ungdomsleiarar og trygge vaksne i kyrkjelyden viste meg at trua var berekraftig. Vener, leirar, fellesskap, Den heilage Ande. Trua er gitt meg i gave av Skaparen sjølv. Det er også livet mitt, tida mi, pengane mine, familie og fellesskap. Nåde og tilgjeving. Nye sjansar når eg sviktar. Jesus som venn, Herre og Frelsar, i liv og død. Sanninga er dette: Alt eg har, har eg fått.

Jesus seier til dei tolv disiplene han sender ut for å dele vidare det dei har fått: «Gjev som gav det de fekk som gav.» (Matt.10,8). Orda frå Jesus, og sanninga om alt Han har gitt deg og meg, utfordrar oss til å dele vidare av alt godt vi har fått.

Forteljinga om guten med nistepakka er framleis viktig i søndagsskulen. Av mange gode grunnar. Men også fordi Bibelen lyfter dei minste blant oss opp som førebilete i å dele.

Dette var nokre tankar eg ville dele med deg som les dette. Kva har du fått som du kan dele med nokon i dag?

ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.

Det er også mange abonnementar utanfor soknet. Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

Neste ØyNytt kjem ut:

9. juni

Redaksjonen vert avslutta tre veker før.



## ØyNytt

– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn

**Utgjevar:** Hjelme og Blomvåg sokneråd

**Ansvarleg redaktør:** Annlaug Børve

**Redaktør og grafisk produksjon:**

Yngvild Mørner Sørheim

**Trykk:** RKGrafisk



**Kontingent:** Kr 300 i Hjelme og Blomvåg sokn / kr 350 utanfor Hjelme og Blomvåg

**Takkeannonsar:** Kr 100

**Annonsar:** Kontakt redaksjonen: ys487@kyrkja.no

**Bankkontonummer:**

1503.84.37590 for kontingenter og gåver

**Opplag:** 2600 pr. nummer.



## DEN NORSCHE KYRKJA

Øygarden kyrkjelege fellesråd

**Telefon:** 400 03 316

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Besøksadresse:** Øygarden kyrkjekontor, Temahuset på Straume

**Postadresse:** Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

**Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:**  
[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

**Facebook:** HjelmeogBlomvagSokn

**Soknepresten i Hjelme og Blomvåg:**

Espen Sigve Tveten

**E-post:** et838@kyrkja.no

**Telefon:** 91 61 78 00

**Leiar i soknerådet:**

Erling Vik

**E-post:** erl-vik@online.no

**Kyrkjeverje:**

Annlaug Børve

**E-post:** ab766@kyrkja.no

**Telefon:** 473 04 530

**Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellesråd:** 976 995 430

**Gåver kan du også gje ved bruk av appen** Vipps #699755

# GOSPELTEENS har ingen på innbytarbenken

Annankvar tysdag vert Blomvåg kyrkje fylt av song, latter og liv.

Tekst og foto: Olaug Rong



Gospelteens har øving. Reglane er enkle. Sjå til at alle har det bra, ingen utestenging, lytte til beskjedar, synge og ikkje minst ha det gøy!

I koret vårt er alle viktige. Alle stemmene trengs og dei er unike i eit stort fellesskap. Koret rommar mange barn og unge fra 10 år til 18 år. Det viktigaste av alt - ingen sit på innbytarbenken.

Vi syng og høyrer om Jesus som venn, forbilde og frelsar.

I Gospelteens har vi fokus på verdien eit menneske har. Kven er vi som menneske mot kvarandre og kven er vi mot oss sjølv? Korleis kan vi vera eit medmenneske og lyse opp dagane for andre menneske som treng det? Mange av songane våre handlar òg om dette.

Gospelteens er glad i dans og bevegelse, og det løfter ein heilt vanlig tysdag mange hakk og humøret er på plass i løpet av øvinga for oss alle.

Ein viktig regel i koret vårt er: ingen mobilar tillatt under øvinga. Dette bidreg til at alle er meir tilstade og har riktig fokus.

Vi avsluttar alle øvingane våre med eit måltid med kvelds og då har lydnivået nådd nye høgder. Vi er takksame for foreldre som stiller opp og lager kvelds til oss slik at me får ei god ramme på øvinga og alle kan gå mette og fornøgde heim.



# Småbarnssongen

«Er de klare til å synga?»  
«Jaaaaa!» ropar barna i kor.

**Tekst: Espen Tveten**

**Foto: Liv Carina Blom og Grete Dåvøy Dale**

Det er Kari Sandøy Rong som spør barna som har komen på Småbarnssong denne tysdagen. Annankvar tysdag tar ho og Grete Dåvøy Dale imot 10-20 barn i alderen 1-4 år (ofte er 5- og 6-åringar med òg) i Blomvåg kyrkje.

På programmet står kristne barnesongar, bøner og små barneregler. Det er mange faste programpostar og stemninga er høg når såpeboblene kjem fram under Måne og sol. Eit anna høgdepunkt er når rytmeinstrumenta vert delt ut under songen "Eg har ein engel". Men det

er berre under refrenget det er lov å bruke instrumenta. Avslutninga er rundt lysgloben der ein ber og syng velsigninga. Det er ikkje berre ungane som har det kjekt denne kvelden. Her har foreldra eit treffpunkt der dei får prate i lag også. Det er fint å sjå at både mødre og fedre er med og nokre gonger besteforeldre. Til slutt samlast alle til kveldsmat som er medbrakt for dei som vil det.

Ideen til Småbarnssongen fekk Kari medan ho var leiar for Babysong i kyrkja. Både barn og foreldre ville fortsetje å møtast. I koret Lyskastaren

kan dei byrja når dei er 4 år, men fram til dette var det ingen tilbod. Og dermed vart Småbarnssongen skapt.

Kari får spørsmål om kvifor ho held på med dette. Ho treng ikkje tenka lenge på svaret: «Det er veldig kjekt å sjå at ungar og foreldre kosar seg i lag, og så trur eg det er det viktig med kristne barnesongar og bøner. Det er verdfullt for dei no og for framtida».

Småbarnsingen møtast annankvar tysdag i Blomvåg kyrkje kl. 17.30-19.00 i oddetalsveker. Neste Småbarnssong er tysdag 14. mars.

# KRIK - snart 30 år med glede og godt leiarskap

Tekst: Espen Tveten

Foto: André Rong og Martin Jonas Hellesund Nakken

I snart 30 år har det vore KRIK i Øygarden. André Rong fortel at han byrja i KRIK (Kristen idrettskontakt) i 1995 og vart med i styret året etter. Etter ein del år i byen, flytta han for 11 år sidan heim att og tok på ny på seg leiinga av KRIK. «Sport og idrett har eg alltid likt, og å kunna kombinere det med å fortelje om Jesus har vore drivkrafta til å halde på» seier André. KRIK har alltid vore på fredag kveld, og det har også vore viktig å skape ein trygg stad for ungdom å vere. I byrjinga var det like mange på scenen og "hang" som det var aktive. KRIK var det einaste som skjedde fredag kveld, og "alle" kom der. Krik famnar breitt, og det er ikkje noko press til å prestere.



KRIK har vore ein viktig del av livet til André. Han ynskjer at andre skal få oppleve det same. No er tida komen for å gje leiarsvaret og stafettpinnen vidare. Desse overgangane er viktige og det er viktig at folk ser verdien av å bruke tid og krefter på det frivillige arbeidet.

Martin Jonas Hellesund Nakken er ein av dei som vil leie KRIK vidare. Det er ikkje lenge sidan han flytta tilbake til Øygarden. Han fortel at



Martin Jonas Hellesund Nakken og André Rong.

motivasjonen for å driva med KRIK er rett og slett betydninga KRIK har for ungdom. «Eg har sjølv vore deltakar på KRIK då eg var ungdom og eg har sett kva KRIK kan bety for ungdommar. På KRIK er det leik, forskjellige idrettar og andakt. Det er ein utruleg flott arena for å vera med vener, drive med aktivitetar og høre frå Bibelen. Det er motiverande å sjå at ungdommar har arenaer der dei opplever meistring og blir sett».

KRIK er annankvar fredag i Hjeltefjorden arena kl. 19.30-21.30

## LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

17.-19. mars: 7. klasse  
2.-4. juni: 8. klasse  
**Påmelding:**  
[kyrkja.no/hjelmeogblomvag](http://kyrkja.no/hjelmeogblomvag)

## REFUEL

10. mars  
24. mars  
14.-16. april:  
Refuel Weekend  
21. april  
5. mai  
19. mai  
2. juni  
16. juni  
Rong senter  
kl. 19.30–22.30

## KRIK

3. mars  
17. mars  
31. mars  
28. april  
12. mai  
26. mai  
9. juni  
Hjeltefjorden  
arena  
kl. 19.30–21.30

## GOSPELTEENS

7. mars  
21. mars  
18. april  
2. mai  
16. mai  
30. mai  
13. juni  
Blomvåg kyrkje  
kl. 18-20

## SMÅBARNSSONG

14. mars  
28. mars  
11. april  
25. april  
9. mai  
23. mai  
Blomvåg kyrkje  
kl. 17.30

# Velkommen til barnearbeidet på Vik

Tekst: Øystein Vik  
Foto: Jurate Gedvilaite



Lyskastaren og Gospelteens var med og framførte på Øygardssong 2022.

Vik Bedehus har som føremål "å læra opp barn, unge og vaksne til liv og teneste i Guds rike". Barnearbeid er difor eit viktig satsingsområde på bedehuset, og alt arbeid vert drive av frivillige i forsamlinga.

Annankvar søndag, motsett av søndag der det er gudsteneste i Blomvåg kyrkje, er det storsamling på bedehuset for heile familien. Under talen for dei vaksne vert barna delt inn i tre ulike aldersgrupper der dei får bibelundervisning ved bruk av Awana sitt opplegg.

Måndagar er det barnekorøving for Lyskastaren med middag for heile familien. Dette tilbodet er svært populært og det er mellom 40-50 barn frå heile "gamle Øygarden" på øvingane. Koret har eige "orkester" og songgleda er stor. Medan barna øver kan foreldra kosa seg med kaffikoppen etter middagen.

I tillegg er det andre aktivitetar på bedehuset: "Gutten" er ei misjonsforeining for gutter om tirsdagar. Onsdag er det jenteforeining med andakt og hobbyaktivitetar som passar til årstida. «Yngres» er eit populært tilbod for tweens frå Toftøy, Rong og andre bygder. Her samlast om lag 30 jenter og gutter annankvar fredag til andakt, song, spel og aktivitetar.

Håpar du som les dette får lyst å senda barnet ditt til ei eller fleire av desse samlingane. I så fall er du hjarteleg velkommen! Nærare opplysningar om tidspunkt finn du på [www.vikbedehus.no](http://www.vikbedehus.no)

## BAYBYSONG

7. mars  
21. mars  
11. april  
25. april  
9. mai  
23. mai  
  
Blomvåg barnehage  
kl. 10-12

## SØNDAGSSKULE

Kl. 11 under gudstenesta  
  
Blomvåg kyrkje med  
Gullivergjengen og  
Agentklubben  
26. mars  
21. mai  
4. juni  
  
Hjelme kyrkje  
19. mars  
2. april  
30. april



## Dåpen er ei feiring av livet!

For påmelding og informasjon om dåp  
gå inn på [kyrkja.no/oygarden/dap](http://kyrkja.no/oygarden/dap)

# Takk nemlege for barne- og ungdomsarbeidet

Vi har snakka med fire unge vaksne som vaks opp med det kristne barne- og ungdomsarbeidet her nord. Kva minner set igjen? Korleis opplevde dei det? Og kva har det betydd for dei?

**Tekst: Hogne Berland**

**Foto: Privat**

## ANDERS KÅRBØ RONG (22)

«Eg hugsar første gongen eg skulle spele gitar på ungdomsklubben Refuel. Eg følte at no var eg litt leiar. Det var veldig gøy og eg var litt stolt rett og slett.»



Anders har vokse opp med trua på Jesus i familien og var med på det meste som var av kristent barnearbeid. Han var ein sjølvsagt deltagar på søndagsskule, Plussklubb og leir. «Eg trur det var viktig for meg at trua vart noko meir enn berre ord og meir enn berre noko eg var døypt til. Det var noko stabilt som vart ein del av kvardagen.»

Likevel vil han spesielt dra fram at det å få ansvar og oppgåver i

ungdomstida vart særleg viktig for han. Han fekk prøve seg både i bandet, som møteleiar og med ansvar for underhaldning på ungdomsklubben Refuel. «Det var i ungdomstida eg starta å tenke meir på kva dette med Jesus betyr. På klubben fekk eg andeleg påfyll, ein plass å høre til og vennar utanfor skulen. Dette var bra for meg.» Han trekk også fram gode minne med å reise saman med ungdomar herfrå til store, kristne ungdomsfestivalar, som til dømes UL i Kongeparken.

I dag bur han i Oslo. Han flytta hit for tre år sidan for å gå på Fjellhaug bibelskule. No studerer han der og er aktiv i frimenigheten Misjonssalen Oslo. «Eg ser at det grunnlaget eg fekk med meg frå oppveksten heime, gjorde meg bevisst på val eg måtte ta seinare. Det vart naturleg for meg å velje bibelskule og å finne ein menighet å gå i når eg flytta vekk.»

Anders oppfordrar til å gje til barne- og ungdomsarbeidet for dei som kan. «Trygge møteplassar der dei unge kan få vite at dei er elsa og verdifull er viktig! Og så er det så bra med plassar der dei kan få møte andre kristne og ha eit godt fellesskap.»

## JOHANNE HATTEN (20)

«Leir på Skjergardsheimen var eit høgdepunkt i året. Vi snakka om det på skulen i vekesvis når det begynte å nærme seg.»



Johanne vart tidleg med på mykje forskjellig. Det gjekk i søndagsskule, barnekantori, Plussklubb, Ahava, leir og til og med familiekor på Skjergardsheimen. Seinare vart ho med i ungdomsarbeidet med K2 og vart med som leiar på leir. Når Johanne tenker tilbake, så hugsar ho trygge arenaer, kjekke aktivitetar og faste vaksne.

«Leir var definitivt det store og vi gledde oss veldig til det. Vi kunne jo også vere litt nervøse når dagen kom,

men det var gode leiarar og eg følte meg godt ivaretatt. Eg hugsar at eg også syntest det var veldig spennande å lære nye ting frå Bibelen. Eg gjekk og grubla på kva det skulle handle om denne gongen og synes det var gøy å finne ut meir om Jesus.»

Etter nokre år vekke på internatskule, er Johanne no tilbake og arbeider i kyrkja i ei 60% stilling. No har ho sjølv ansvar for å drive noko av det arbeidet ho deltok i tidlegare. Johanne trur det er viktig å ha eit kristent ungdomsmiljø. «Det er flott å ha ein trygg arena der ein kan få utfordre seg og få ansvar. Der kan ein også skape gode relasjonar med folk ein kan ta opp viktige spørsmål med. Det har betydd mykje for meg å få kristne venner som eg kan snakke med, der det er rom for å undre seg og stille spørsmål om tru.»

Johanne har også eit tydeleg råd til dei som vurderer å bli fast gjevar til barne- og ungdomsarbeidet: «Dette er ein heilt konkret måte å bidra til at neste generasjon får gode fellesskap og får høre om Jesus!»

## MARTIN JONAS HELLESUND NAKKEN (27)

«For meg var det viktig å få ha nokre forbilde å sjå opp til. Det fann eg blant leiarane i det kristne arbeidet.»



Frå barneskuletida hugsar Martin Jonas særleg søndagsskulen på Tjeldstø

bedehus, Ahava-klubben på Nautnes bedehus og leir. Då han starta på ungdomsskulen vart han også med på Laget der, i tillegg til å delta på KRIK og ungdomsklubben Ichtys på fritida. Etter kvart vart han også leiar på KRIK. Det var både utfordrande og kjekt å få eit slikt leiaransvar. «Eg tenker at det å vere med i eit kristent arbeid frå tidleg i livet, fører til at ein får ein grunnmur med gode verdiar og haldningars. Leiarane vi hadde, vart forbilde for meg. For min del var også fellesskapet veldig viktig. Når vi samla oss med eit felles mål vart det veldig fint.»

Etter eit år på bibelskule (etter vidaregåande), kom Martin Jonas tilbake og arbeidde i team i kyrkja eit år saman med fire andre ungdomar. «Då var vi med på alt frå leir til konfirmantarbeid og besøkte ulike barnelag.» Etter dette vart det nokre år i Oslo, før han flytta heim att og busette seg på Rong med kona Birgitte i fjar. No er han igjen med som leiar på KRIK og på leir.

«Eg tenker at det er eit privilegium å få vere med å gje til eit slikt arbeid som har vore så viktig for både meg og mange andre. Eg vil oppfordre dei som kan til å vere med å bidra med tid eller pengar. For min del har det vore heilt sentralt at dette arbeidet var der, både for trua mi og for at eg seinare vart med som leiar. Det er så viktig at barn og unge får eit trygt miljø der den kristne trua ligg til grunn.»

## SUZANNE MARI ROMMETVEIT (24)

«Eg trur ikkje det går an å skjonne kor viktig det kristne barne- og ungdomsarbeidet kan vere. Der får ein noko for livet.»

Suzanne fortel at det nok var det sosiale som gjorde at ho først vart med i det kristne barnearbeidet. Når ho ser tilbake, føler ho at det gjekk litt av seg sjølv. Vennar var aktive der og det var liksom der det skjedde. «Eg hugsar at



eg kjente at eg vart tatt godt i mot og følte meg sett. Vi fekk ein trygg plass å vere og vi hadde det veldig kjekt i lag. Alt som er organisert og lagt til rette, er lett å delta på. Tilbodet var der, og dermed kom eg meg ut døra.»

I ungdomstida vart Suzanne med vidare på tilboda kyrkja har etter konfirmasjonen, nemleg K2 og K2pp. Her kunne dei halde fram fellesskapet frå konfirmasjonstida inn i 10. klasse og på vidaregåande, og dei vart med som leiarar på leir. Suzanne likte å syngje og trivdes dermed godt i koret Gospel Teens. Her var ho med i mange år. «Sidan eg likte å syngje, fekk eg også moglegheit til å vere forsongar på ungdomsklubben Refuel. Eg føler vi tidleg fekk ansvar for å bidra og var også med i styret der, men eg følte ikkje at det vart for mykje ansvar.» Ho drar også fram eit godt minne frå då styret samla seg i ein heim for å bake pepperkaker som dei skulle dele ut på neste klubbkveld.

I dag studerer ho og arbeider på Helgeland folkehøgskule i Mosjøen. Når no kyrkja skal i gang med ein aksjon for å få fleire faste gjevarar til barne- og ungdomsarbeidet, så håpar Suzanne at mange ser verdien og viktigheita. «For meg er det i alle fall sånn at det har betydd alt for mi tru at eg hadde desse tilboda då eg budde i Øygarden.»



# Leir i snart 50 år

Selma Oen Viksund er på leir for tredje gong på Skjergardsheimen. Ho er langt frå den einaste som har vore innom her i dei snart 50 åra sidan leirplassen starta opp. «Alle» har eit forhold til Skjergardsheimen!

Tekst: Hogne Berland

Foto: Yngvild Mørner Sørheim



Mange gode minner og nye vennskap har blitt skapt rundt bordene i peisestova.



Luftepause etter bordtenniskamp på spillrommet.

Selma Oen Viksund går i 5. klasse på Rong skule og er med på den første leiren kyrkja arrangerer i januar i år. Dette er hennar tredje leir og ho kan annonsera at «Leir er alltid gøy!». Vi lurer på om det er skummelt å sove vekke, men det syns ikkje Selma. «Det er berre gøy, og det er kjekt å vere saman med venner, men også å få nye venner frå andre skular!».

### Mange år med leir

Barn og unge har reist på leir på Skjergardsheimen i snart 50 år. Også i dag er leiranane svært sentrale i trusopplæringsarbeidet vårt i kyrkja. I løpet av eit år er det leiarar for kvart alderstrinn på barneskulen, i tillegg til leir for ungdomsskulen. Cirka 260 forskjellige barn og unge deltok på kyrkja sine leiranar i 2022, i tillegg til over 40 frivillige leiarar. Mange av leianane er ungdomar som er med i ungdomsarbeidet. Når foreldre leverer og hentar ungar på leir, pleier alltid nokon å stå igjen og mimre litt om då dei sjølv var på leir her.

Jan Owe Jensen har vore styrar på Skjergardsheimen i ei årrekke og har ansvar for den daglege drifta. I tillegg til leiranane som kyrkja arrangerer, vert det drive leirkule, sommarleiarar for Bergen kommune og utleige til andre menigheter og organisasjonar. Dette

har ført til at mange, også utanfor Øygarden, har eit forhold til plassen. Jan Owe fortel at han ein gong skulle til Arna for å kjøpe eit brukte kjøleskap til kiosken for 2500 kroner. Då ho som skulle selje fekk høyra at det var til Skjergardsheimen sa ho: «Berre ta det med deg og kjør. Eg skal ikkje ha penger!».

### Brannvesenet rykka ut

Jan Owe merkar ofte stor velvilje hos folk når han seier han ringer frå Skjergardsheimen. For nokre år sidan var det eit voldsomt uvêr rett før nyttår. Plassen skulle leigast ut i nyttårshelga og det vart kritisk då det plutselig vart oversvømming i kjellaren. Dei prøvde først å få ut vatnet med ei pumpe dei hadde, men skjønte raskt at dette monna lite. Jan Owe ringte brannvesenet og spurte om hjelp, men fekk beskjed om at ein måtte ringe etter private firma for slikt. Like etter ringte dei opp igjen frå brannstasjonen og sa dei var på veg. Då dei som var på vakt hørde kven som hadde problem, gjekk dei i bilen med ein gong. Alle brannmennene som rykte ut hadde vore på leir her og fekk raskt og effektivt pumpa ut vatnet. Jan-Owe har mange slike historier om folk som rykker ut på kort varsel og bedrifter som ikkje sender rekning. Han

synest det er kjekt å merke at plassen betyr mykje for mange og at både privatpersonar og bedrifter ønskjer å hjelpe og stille opp.

### Framtida for leiarbeidet

Slik leiranane er organisert, så betaler deltakarane for seg sjølv, medan kyrkja betalar for leianane. Dette gjer at leiarbeidet er nokså ressurskrevende økonomisk, men vi trur likevel det er vel anvende pengar. Leir er godt barne- og ungdomsarbeid. Når ein er saman over ei helg, får ein bygge relasjonar både med leiarar og andre deltakrar i ei trygg ramme. Ein får sjansen til å bruke god tid på å lære om det som står i Bibelen og ein får skape fellesskap og gode minne. Når folk er med og gjev pengar til barne- og ungdomsarbeidet, så hjelper dei til å sikre at vi kan halde fram med leir også i åra som kjem!

At Skjergardsheimen har betydd mykje for mange, kan også Selma bekrefte. «Eg hadde kanskje ikkje vore her, om det ikkje var for denne plassen». Når vi ber ho utdjupe den påstanden, kan ho avsløre at foreldra hennar møttes på Skjergardsheimen. Vi ser oss dermed nødt til ein kjapp telefon til Jørgen Viksund og Elin Oen som kan bekrefte at dei vart kjent her som leiarar på sommarleir!

# Med hjarte for ungdomane

«Vi vil gje vidare det beste», seier vaksenleiarane på ungdomsklubben Refuel.

Tekst: Hogne Berland



Linda Blom, Mai-Britt Vindenes og Aina Nordvik er vaksenleiarar på Refuel.

Ungdomsklubben Refuel starta i 2013 og samlast i INRI-kyrkja som har lokale på Rong senter. Her møtast ungdom frå 8. klasse og oppover annakvar fredag. Oppmøtet kan variere frå 30 -70 ungdomar på ein vanleg klubbkveld. Klubben har eit styre av ungdomar som har ansvar for samlingane saman med nokre faste vaksenleiarar. Tre av desse vaksne er Mai-Britt Vindenes, Aina Nordvik og Linda Blom. Dei har vore med sidan starten og synest det er svært meiningsfylt.

«Vi ønskjer å gje ungdomane det beste vi kan gje dei. Vi vil dele evangeliet om Jesus med dei», seier Aina. «Og så vil vi legge til rette for at dei skal ha eit kristent tilbod å gå til.» Mai Britt seier at ho opplever å ha fått ungdomen lagt spesielt på hjarta. «Eg tenkjer mykje på dei og ber for dei. Og her

på Refuel får vi sjansen til møte dei og sjå dei.» Linda har ei lang karriere med ungdomsarbeid bak seg, også før ho vart leiar på Refuel. Kva gjer at ho framleis heldt koken? «Det er eit kall rett og slett. Vi har eit håp om at dei skal finne Jesus tidleg i livet. Og det er utrøeg motiverande når vi ser ungdomar som vert bevart i trua.»

Det er ikkje mange fredagskveldar dei har skofta på desse 10 åra og mange, mange timer har gått med til planlegging, baking, miljøarbeid og i kiosken. Dei innrømmer at det til tider kan vere krevande å arbeide med ungdomar, men seier dei også kjenner på at det gjev velsigning tilbake. «Vi er takknemlege om Gud kan bruke oss her, og så vert vi jo glad i ungdomane!»

# Gler

Ragnhild Jepsen blir vigsla som ny biskop i Bjørgvin første søndag etter påske, 16. april. Ho er framleis domprost i Nidaros domprosti, men me fekk ein liten samtale med biskopen som alt er utnemnd, men enno ikkje har kledd seg i bispekåpa.

Ragnhild Jepsen har vore til stades i fleire bispevigslar tidlegare. Ho trur ein slik dag kan vera god å ha i ryggen seinare. – Det er mykje fest og fokus på ein person, og det er fint å ha med velsigninga, bønene og fellesskapet når kvardagen kjem med ulike krevjande situasjonar. Det er noko stort i det å bli sett og kjenne på kyrkja sitt tydelege ja til meg som biskop, eg ser verkeleg fram til den dagen. Eg er også veldig glad i å feire gudsteneste, og det blir flott å synga påskesalmar denne første søndagen etter påske, seier ho.

## – Er påska relevant i vår tid?

– Når me jublar påskegleda ut på første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som også skal bli nyskapt. Det som hende i påska med Jesu død og oppstode er det endelege beviset på at Gud har frelst sin skapning og har tru på mennesket og alt Han har skapt, seier den komande biskopen.

## – Kva ser du fram til ved å bli biskop?

– Eg ser fram til på bli kjent i bispedømet og med menneska her, med kyrkjelydane, både tilsette og frivillige medarbeidarar. Eg ønskjer også å vera ei tydeleg stemme i kyrkja og på vegner av kyrkja, seier den komande biskopen. Ho er ikkje klar til å lansera noko særleg

Ragnhild Jepsen blir vigsla som biskop 16. april:

# seg til å juble for påska



Ragnhild Jepsen gler seg til å bli vigsla som biskop i Bergen domkirke 16. april.

Foto: Gyrid C. Nygaard

satsingsområde for sin eigen del. – Eg vil først av alt lytta meg inn til kyrkja og livet i Bjørgvin.

Den nye biskopen kjem frå Ål i Hallingdal. Ho har røter i Vestland, men har ikkje budd her før. – Eg gler meg til å flytte til Bjørgvin og ser fram til å bli kjent i byen og fylket. Det blir mykje nytt, ikkje minst det å etablera seg med eit nettverk, også på fritida, det er eit arbeid i seg sjølv, seier Ragnhild som med seg til bispebustaden på Landås har med seg ektemannen Einar Vegge. Han er pilegrimsprest i Nidaros, og har

reist langs delar av kystpilegrimsleia i bispedømet vårt. Dette ser også Ragnhild fram til å få høve til. Dei har to vaksne barn, Håkon og Ingjerd.

– Du syng i kor i Nidarosdomen, trur du at du får tid til å synga i kor i Bergen? – Det skal vel godt gjerast. Eg har sunge i kor sidan eg var tre år, og viss det byr seg eit høve, seier eg ja, kanskje til eit prosjektkor?

Ragnhild Jepsen har vore prest i 25 år, først som kapellan i Åmot i Østerdalen, sidan som kapellan og sokneprest og frå 2011 domprost i Nidaros

domprosti. – Dette har gjeve meg mange erfaringar og møte med menneske i sorg og glede som eg tek med meg. Eg har som prost også vore mykje med i rådsarbeid, bl.a. fellesrådet i Trondheim. Eg er oppteken av at både organisatoriske strukturar og alt det praktiske med bygningar og liknande gjev gode rammer for at kyrkjelyden kan driva sitt kyrkjelydsbyggjande arbeid, seier den nye biskopen. Dei som har møtt henne, skjønar at ho er glad i å vera saman med folk og ho fortel at ho, på same måte som andre i staben, ofte har vore vertskap for besökande til Nidarosdomen, anten det er store eller små grupper.

– Kva har kyrkja å «tilby» til folk flest?

– Gode fellesskap der du kan koma uansett alder, funksjon eller prestasjon. Me skal også vera ein fortolkar av tida vår. Dersom me til dømes opplever barnefattigdom, korleis kan me då vera kyrkje på ein truverdig og evangelisk måte? Dette må skje lokalt, men det er viktig å ha støtte frå bispedømet.

Eg synest det er viktig at kyrkja, som ein del av lokalsamfunnet, spelar saman med lokale organisasjoner, skular og grupper. Eg vil også oppmuntra om å byggja kristne fellesskap der me samlast om det som er umisseleg for oss.

Tekst: Jens Z. Meyer,  
Bjørgvin bispedøme

# Konfirmandar 2023

## 7. mai kl. 10.30 – Blomvåg kyrkje

Adrian Marthinussen  
Anders Flåten  
Christoffer Johani Aune  
Martin Sæther  
Mathilda Stølsnes Hagenes  
Noah Fagerholt  
Patrick Sæle Knarvik  
Petter Hamsund  
Selma Pauline Sjøstrøm

## 7. mai kl. 13 – Blomvåg kyrkje

Aksel Vik  
Amelie Kleppestø Thorbjørnsen  
Hedda Blom Hellesund  
Lennea Gunnarsen-Green  
Leon Skibenes Turøy  
Niklas Åsheim Giertsen  
Robin Vindenes  
Sander Hjartøy Fjellstad  
Simen Johan Eide  
Stefan Thorbjørnsen Rong

## 13. mai kl. 10.30 – Blomvåg kyrkje

Ann Kristinn Dagestad  
Håvard Rong Sæle  
Lilly Nicoline Kleppestø  
Milla Leonora Harkestad  
Philip Bårdsen Halstensen  
Sondre Misje  
Tuva Kristin Wågen

## 13. mai kl. 13 – Blomvåg kyrkje

Andreas Hagenes Stenhjem  
Aron Oen-Blom  
Eirik Sebastian Hellesøy Strand  
Emma Svellingen  
Jack Leon Sæle  
Lucas Rong  
Marcus Grimeland-Rong  
Marie Torsvik Loga  
Mathilde Rykke  
Max Martin Oen Risløw  
Michael André Knappskog Nicholaysen  
Vilde Vik

## 14. mai kl. 11 – Hjelme kyrkje

Adrian Solvang Berntsen  
Astrid Fjeldstad Eikanger  
Espen Buck  
John Kåre Sanden  
Jonas Solbakk Solheim  
Kris Nicholas Miller  
Marta-Elise Flåten-Fjelstad  
Martine Oliversen  
Nathalie Solberg Kvalvik  
Nikolai Myhre  
Olivia Stølsnes Helle  
Robin Marthinussen  
Tuva Heggholmen Loftås

## Tednebakkane fekk besøk!

Tre gongar så langt dette skuleåret har 1. klasse på Rong skule besøkt Tednebakkane for å opptre for bebuarane. Denne gongen var det følgjande kompetansemål me ville jobba mot: «Utøva eit repertoar av songar henta frå elevane sin nære musikkultur og frå kulturarven». Elevane song både salmar og gode, gamle songar som: Den fyrste song, Dar kjem dampen og I can't help falling in love with you.

Me var så heldige å ha med oss Øystein Steinsland, organisten vår, til å akkompagnere oss på piano. Elevane fekk oppleva eit begeistra publikum, som både stemte i og som måtte fella ei tåre eller to. Ein av bebuarane, Ingvard Svellingen, spelte også nokre melodiar på munnspelet sitt, noko som gjorde at elevane vart svært imponerte. Ein av lærarane spelte også nokre salmar på kornett. Det vart ei fin musikkstund med gode opplevingar på Tednebakkane denne formiddagen, noko både unge og gamle kunne på.

Tekst: Belinda Hellesund, lærar i 1. klasse



## Nye festeavgifter i Øygarden kommune

Det er nye festeavgifter for gravplassane i Øygarden gjeldande frå 1.1.2023. Kommunestyret i Øygarden gjorde vedtak om avgifter i møte 15. desember 2022.

Alle busette i kommunen har rett på fri grav i ein periode på 20 år frå gravleggingsdatoen.

Dersom ein tek ut ei grav ved sida av (festar ei grav/dobbelgrav) må ein betale festeavgift for den grava frå første dag.

Det er ikkje mogeleg å slette ei grav i ein dobbel gravstad.

Busette utanfor Øygarden kommune må betale festeavgift frå første dag om dei vert gravlagt i Øygarden. Slik gravlegging skjer etter grunngiven søknad til kyrklege fellesråd.

Dette er festeavgiftene i Øygarden for personar med bustadadresse i kommunen:

Avgift for feste/leige av grav etter fredningstida for 1 år	Pris kr.
Festeavgift urnegrav/barnegrav	440,-
Festeavgift kistegrav	630,-
Festeavgift for urnegrav i namna minnelund	170,-

Avgift for leige/festegravstad	
Festeavgift 20 år Kistefestegravstad (dobbelgrav)	12 300,-

Festeavgifter etter friperioden	
Avgift for urnegrav 5 år	2 200,-
Avgift for enkel kistegrav 5 år	3 150,-
Avgift for dobbel kistegrav 5 år <sup>1</sup>	3 150,-
Avgift for anonym urnegrav 5 år	500,-
Avgift for urnegrav i namna minnelund 5 år	850,-
Avgift for barnegrav 5 år	2 200,-
Festeavgift graver over 60 år 1 år	1 025,-

<sup>1</sup>Vert rekna som ein gravstad

Festeavgifter vert fakturert kvart 5. år.

Sjå også vår nettside: [www.kyrkja.no/oygarden/gravferd](http://www.kyrkja.no/oygarden/gravferd) for meir detaljert informasjon.

Annlaug Børve  
Kyrkjeleverje

## Kjeldesortering på gravplassane

Frå 1.1.2023 er det nye reglar for kjeldesortering, plast skal sorterast ut.



Det blir plassert ut eigne spann for plast der ein kaste plast som ikkje er skitten. Før ein kastar blomsterpotter, må dei vaskast.



Foto: Vigleik Brekke

## Julehelsing til kommunestyre

På budsjettmøte til Øygarden kommune er det blitt ein tradisjon at Maria Tveten som er sokneprest i Foldnes kyrkje kjem med ei julehelsing til kommunestyret. Kyrkja har lang tradisjon med å vera ein viktig kulturberar blant folket som bur her ute ved havet.

I 2023 er det bevilga i overkant av 32 mill. kroner til drift av alle kyrkjene og anna ulikt arbeid kyrkja driv i kommunen. I tillegg vart det løvd 1,4 mill. kroner til varmestyringsanlegg og varmepumper, og 17 mill. kroner til rehabilitering av ærverdig Fjell kyrkje. Til saman har Øygarden kommune løvd 39 mill. kroner til denne rehabiliteringa.

- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldtallerken

Rong Catering a/s  
Tlf. 9185 6258

Vi formidlar blomster til innland og utland



INTERFLORA  
**Blomsterbua**  
Rong Senter  
Telefon : 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong

**Sotra Ømegrn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.  
Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.  
Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden  
**TLF 56 32 08 90** hele døgnet  
Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )

**Din lokale elektriker!**

**Thunestvedt**  
Vestgar

Møllestykket 21  
5360 Kolltveit  
**Tlf. 400 30 210**  
**vestgarelektra.no**  
**vestgar@thunestvedt.no**

# Bergen & Ømegrn

BEGRAVELSEHJELP  
**POLDEN**

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

**Døgntelefon:** 55 21 44 50 • **mobil:** 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

<b>AVD. BERGEN</b> Teatergt. 20 5010 Bergen <b>Tlf:</b> 55 21 44 50	<b>AVD. SOTRA</b> 2. etg på Shellstasjonen Sartor, 5353 Straume <b>Tlf:</b> 55 21 44 50
--	--

## Fag Revisjon as

**Revisjon & regnskap**  
Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,  
eller se mer informasjon på [www.fagrevisjon.no](http://www.fagrevisjon.no)  
Fag Revisjon AS, Bolgekraftvegen 1, 5337 RONG, [firma.post@fagrevisjon.no](mailto:firma.post@fagrevisjon.no)

**Torsvik ELEKTRO**

Instasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne-/parabolantlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

**Tlf. 56 38 50 00**  
Vakttelefon: 922 34 062  
[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)

- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiaftale
- Gass

**BLOM SERVICESENTER AS**  
5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
Godkjent bilverksted

- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

- Ferskvarespesialisten**
- Velsmakende varmmat**
- Fristende frukt og grønt**
- Nydelige nystekte bakervarer**

Måndag - fredag 7-22 laurdag 9-20  
 SPAR Rong tlf. 56 38 71 40

*Åsane*  
BEGRAVELSESBYRÅ

DØGNÅPEN  
TELEFON  
55 18 90 00

OMSORG VED LIVETS SLUTT

WWW.ASANEBEGRAVELSE.NO  
BLOMSTERBESTILLING 55 19 72 05 | HILDESBLOMSTER.NO  
VI LEVERER BLOMSTER FRAKTFRITT TIL  
ALLE VÅRE SEREMONIER

# Kjøp kjapt, trygt og billig

# KIWI mini pris

Ved Rong senter

Tlf. 56 38 71 20

Mandag – lørdag  
kl. 07.00–23.00



## SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet**

[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet

**VIRKE**  
GRAVFERD



Vidar Vik Torsvik  
murmester

**TORSVIK MUR**  
Alt i mur, puss og flisearbeid  
Rehabilitering/fornying av  
gamle skorsteiner/piper

Dalekletten 44  
5337 Rong Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com

**TRENG DU  
NOKON Å FORTELJE  
DET TIL?**

**KIRKENS SOS**  
22 40 00 40



**NORGESHUS**  
Øygarden

Telefon: 56 38 28 00 - Pålneset 2, 5337 Rong  
e-post: [ta@norgeshus.no](mailto:ta@norgeshus.no)  
[www.norgeshusoygarden.no](http://www.norgeshusoygarden.no)

# Montér®

## Øygarden Byggcenter AS

Pålneset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: [post@oybygg.no](mailto:post@oybygg.no)  
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,  
lør 09.00-14.00

**øygarden**  
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40  
Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790

E-mail:  
[post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

**Ønsker du  
sol hjem?**  
Vi kan tilby 12 rørs solhimler  
eller solseng med høy kvalitet.  
Du ringer - vi bringer!  
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B·P·S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

**Vest Modul AS**  
5336 Tjeldstø

- Tilbygg N
- Nybygg I
- Rehabilitering
- Montering og utleie av brakker

ormann 958 19 905  
ngvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø



# Kyrkjevalet 2023

Den 11. september er det val til nytt sokneråd i Hjelme og Blomvåg sokn.

**vil du ha eit  
godtråd?**



På valdagen for kommune- og fylkestingvalet, kan medlemarar i Den norske kyrkja også velje kven som skal styre i sin lokale kyrkjelyd, i tillegg til å velje kven som skal inn i bispedømerådet og dermed også sitte i Kyrkjemøtet, som ofte blir kalla kyrkja sitt storting.

No i februar og mars arbeider nominasjonskomiteane med å sette opp lister over kandidatar til sokneråda. Dei som blir valde treng ikkje å ha vore av dei mest aktive i kyrkja. Mange har rik livserfaring og kunnskap frå yrkesliv og frivillig arbeid, dette er viktige tilskot til det teamet som skal utgjere soknerådet.

Fristen for å ha klar ei liste er 31. mars kl. 12:00. Kven som helst av medlemmane i Hjelme og Blomvåg sokn kan i prinsippet foreslå ei liste til soknerådsvala, så lenge forslaget er skrive under av ti personar med røysterett. Nominasjonskomiteen si liste kan ein òg supplere med eit ekstra namn i perioden 2.– 5. mai. Fem medleamar med røysterett kan saman foreslå ein supplerande kandidat som då vil kome med på lista til valet.

## Soknerådet sine oppgåver

Soknerådet skal bidra til at kyrkja er ein plass der alle kan kjenne seg heime. Det betyr mellom anna å legge til rette for at menneske kan møtast til kyrkjebyggande aktivitet som barne- og ungdomsarbeid, gode gudstenester, dåps- og konfirmantundervisning, diaconi (kyrkja si omsorgsteneste), musikk og frivillig arbeid av ulik karakter. Soknerådet lagar planar som vert gjennomført av tilsette og frivillige i fellesskap.

Ei nasjonal undersøking blant sitjande soknerådsmedlemar viser at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meiningsfylt å vere med i soknerådet.

## Digital førehandsrøysting

På sjølvé valdagen 11. september vil du finne kyrkjevalet sitt vallokale i nærleiken av lokala til kommunevalet, og med same opningstider. Frå 10. august kan du røyste på førehånd, og nytt i år er at du kan førehandsrøyste digitalt ved kyrkjevalet. Alle medleamar som fyller 15 i år eller er eldre, har røysterett.

Informasjon om kyrkjevalet finn du på [www.kyrkja.no/oygarden/kyrkjevalet](http://www.kyrkja.no/oygarden/kyrkjevalet)



## LIVETS GANG

### DØYPTE

#### Blomvåg

- Adelia Heggholmen
- Lukas Konrad Blom
- Mina Thorbjørnsen Torsvik
- Sara Flåten
- Markus Rossnes Hauge

#### Hjelme

- Vete Otterlei Nordøy
- Ingrid Hjartøy Hatlestad

### DØDE

#### Blomvåg

- Odd Georg Flåten f.1935
- Johanna Torsvik f. 1924
- Helge Gunnar Herdlevær f. 1952
- Rolf Vik f. 1945
- Edvarda Johanne Torsvik f. 1937
- Alfild Knarvik f. 1931
- Arne Mikjell Andersen Torsvik f. 1939
- Brita Jenny Gerda Knarvik f. 1929

#### Hjelme

- Kurt Bjarte Karlsen f. 1965
- Asbjørn Henning Jensen f. 1950



## 50-års konfirmant- jubileum!

Det vert jubileum for  
50-årskonfirmantar

**Søndag 30. april for Hjelme**

**Søndag 21. mai for Blomvåg**

Etter gudstenesta vert det  
koldtbord og kaffi.

Invitasjon kjem, men set gjerne  
av datoien allereie no.



## Velkommen til **GUDSTENESTE!**

### SØNDAG 12. MARS

Sprell levande gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Utdeling av bok til 4-åringar. Offer til Bergen søndagsskulekrets.

### SØNDAG 19. MARS

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Nattverd. Offer til IKO – Kristen pedagogisk senter. Søndagsskule for barna.

### SØNDAG 26. MARS

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Erling Kopperud. Nattverd. Offer til Den norske Israelsmisjon. Søndagsskule med Gullivergjengen og Agentklubben.

### ONSDAG 29. MARS

Påskekveld i Blomvåg kyrkje kl. 19.

### PALMESØNDAG 2. APRIL

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Dåp. Nattverd. Offer til Misjonsprosjektet i Thailand. Søndagsskule for barna.

### SKJÆRTORSDAG 6. APRIL

Kveldsgudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 19.00 ved Espen Tveten. Nattverd. Offer til Normisjon.

### LANGFREDAG 7. APRIL

Langfredagsgudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Knut Kaldestad. Offer til Normisjon.

### PÅSKEDAG 9. APRIL

Høgtidsgudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Erling Kopperud. Nattverd. Offer til Misjonsprosjektet i Thailand.

### 2. PÅSKEDAG 10. APRIL

Høgtidsgudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Erling Kopperud. Nattverd. Offer til Tro Og Medier.

### SØNDAG 16. APRIL

Fellesgudsteneste i Kulturhuset kl. 11.00 ved Espen Tveten. Avslutning på Refuelweekend. Preike ved Daniel Sæbjørnsen. Gospelteens og band vert med. Offer til Ungdomsklubben Refuel.

### SØNDAG 23. APRIL

Sprell levande gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Utdeling av barnebiblar til 5-åringar. Song av barnekoret Lyskastaren. Offer til LAGET.

### SØNDAG 30. APRIL

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Erling Kopperud. Nattverd. Offer til Menneskeverd. Søndagsskule for barna.

### SØNDAG 7. MAI

Konfirmasjonsgudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 10.30 og kl. 13.00 ved Espen Tveten. Offer til Skjergardsheimen.

### LØRDAG 13. MAI

Konfirmasjonsgudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 10.30 og kl. 13.00 ved Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### SØNDAG 14. MAI

Konfirmasjonsgudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Offer til Skjergardsheimen.

### 17. MAI

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 10.00 (med attarhald) ved Espen Tveten. Offer til korps/kyrkjelyd.

Gudsteneste i Hjelme gamle kyrkje kl. 11.30 ved Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### KRISTI HIMMELFARTSDAG

### 18. MAI

Gudsteneste på Vik bedehus kl. 11.00 ved Espen Tveten.

### SØNDAG 21. MAI

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Erling Kopperud. Nattverd. Offer til Basecamp. Søndagsskule med Gullivergjengen og Agentklubben.

### PINSEDAG 28. MAI

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Nattverd. Offer til Den norske Israelsmisjon.

### 2. PINSEDAG 29. MAI

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Nattverd. Offer til Misjonssambandet.

### SØNDAG 4. JUNI

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Erling Kopperud. Nattverd. Offer til Menneskeverd. Søndagsskule med Gullivergjengen og Agentklubben.

### SØNDAG 11. JUNI

Frilluftsgudsteneste i Gløvra kl. 11.00 ved Espen Tveten. Vi går frå parkeringsplassen ved gravplassen kl. 10.30.

Endringar kan komme. Følg med i Vestnytt og på nettsidene våre:

[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

Du kan også lese  
om kyrkja si  
verksemeld på:  
[kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

Returadresse:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume



## Saman om barne- og ungdomsarbeid!



Kyrkjelyden må samle inn pengar til barne- og ungdomsarbeidet. Ver med som frivillig og vert fast gjevar. DU bidreg då til at barne- og ungdomsarbeidet held fram og vert utvikla vidare.

[kyrkja.no/hjelmeogblomvag/gjevarteneste](http://kyrkja.no/hjelmeogblomvag/gjevarteneste)